



del 2

| TETT PÅ | DEBATT
| KULTUR | BERGENPULS
| MEDIER | RADIO/TV



FEIRAR MANNEN: 77-åringen Bodil Cappelen var gift med Olav H. Hauge, og er glad for markeringa av hundreårsjubileet for dikteren frå Ulvik. – Pressa spør: Kva skjer etter slike jubileum, blir det berre eit blaff? Men då skal jo folk byrje å lese dikta sjølve!

FOTO: HÅVARD BJELLAND

Livet etter Olav

Kjærleiken kom med posten til Olav H. Hauge, 5730 Ulvik. Avsendar var Bodil Cappelen.

– Han var mannen i mitt liv, seier Cappelen i dette intervjuet om livet med, og etter, Olav H. Hauge.

Det er ein kald februar dag i 1970. Utanfor ein bokhandel i Arendal plukkar ei kvinne opp ei diktsamling frå billegkorga. Tittelen er «På ørnetuva», forfattaren heiter Olav H. Hauge.

Ho har knapt høyrte om han, men kjøper boka og tek til å lese. Det er flotte dikt, så flotte at ho på impuls bestemmer seg for å skrive til forfattaren og takke. Så oppdagar ho at det om kort tid kjem eit program om Hauge på skulefjernsynet.

– Då tenkte eg at eg måtte skrive no, kanskje torde eg ikkje etterpå.

«Kjære Olav Hauge,
Jeg stod opp i morges og tenkte på et rom møblert med bøker fra gulv til tak. Bli ikke forbauset når jeg skriver slik til deg og du ikke kjenner meg – det går

over, man kan vel møtes i et brev så vel som på gaten».

Men ho gløymer å takke. For heime på Staubø, ei øy mellom Arendal og Tvedestrand, snør familien mest inne. Dei må klatre ut vindauga for å hente koks i uthuset, dei går på ski til butikken.

Det første brevet Bodil Cappelen, eller Bodil Strømsted, som ho heitte den gongen, sender til Olav H. Hauge, handlar stort sett om vinter.

På Hakestad i Ulvik skriv Olav H. Hauge i dagboka si 25. februar, 1970, at han har fått brev frå Bodil Strømsted på Staubø.

«Ho vev, skriv ho. Og er gift med Finn Strømsted. Eit godt, friskt og giltdt brev! Frå eit menneske eg aldri har sett eller høyrte gjete». Dagen etter kjem han

tilbake til det uventa brevet. «Kva skal eg gjera med Bodil Strømsted? Som vil vera min ven, segjer ho».

Ein knapp måned seinare får ho svar frå Hardanger, og resten er historie. Bodil Cappelen og Olav H. Hauge brevvekslar i over fire år, før dei møtest første gong i juni 1974. Då skjer ting fort.

Året etter flyttar ho til han i Ulvik, og paret giftar seg på Voss i 1978. Brura er 48 år, brudgommen 70. Dei får nitten gode år saman, før han dør i 1994.

Fire år seinare går flyttelasset til Cappelen tilbake til Austlandet, etter 23 år i Hardanger. På dei neste sidene fortel ho om samlivet med Olav H. Hauge, og livet etterpå.

Fortsetter neste side

«Det siste eg tenkte på var å b med ein mann som var 22 år

**KJERSTI MJØR
HÅVARD BJELLAND (foto)**
kjersti.mjor@bt.no
Son, Akershus

Regnet som ausar ned minner til forveksling om Vestlandet. Men dette er Son, ti kilometer utanfor Moss, og vi er på veg til Bodil Cappelen. Her, i dette grøne rekkjehuset, har ho budd sidan 1998.

– Eg har aldri budd så lenge på ein stad som i Ulvik. Eg må dra dit minst to gonger i året, om vinteren og sommaren. Ulvik er heimbygda mi. Der berre er eg. Ser på fjella, går i landskapet.

Utanfor stovevindauga er landskapet stort og flatt. Men i bakhagen har Cappelen gøymt unna eit lite stykke Vestland med blankskurt berg, steinheller frå Hardanger og eit nyplanta plommetre.

– Eg kallar det fjellsleg, eg. Eg likar så godt det ordet.

Ho flytta hit, for å kome nærare familien på Austlandet: Sonen Rune, dottera Aili, to søstre og fire barnebarn – som etter kvart er blitt så store at dei tek til å få kjærastar.

– Det blir stadig fleire mid-dagsgjester rundt bordet, konstaterer ho fornøgd.

MANN MED GODT HUMØR. Cappelen låner ut strikkatøflar til vate gjester, laga av Torsteins-Anna i Ulvik, og serverer julekake med geitost og caffe latte i den lune stova i andre etasje.

– Eg er fornøgd med livet mitt, og tilveret som gammal. Eg har tenkt på dette ordet «eldre», og likar det ikkje. Å bli omtalt som «gammal» er heilt fint.

– Han du var gift med ville fylt hundre i år. Kva tenkjer du om det?

– Eg tenkjer på Olav slik han var, då eg kjende han. No er eg snart like gammal som han var den gongen.

– Saknar du han?

– Eg opplever heller eit slags nærver. Eg har minna om han, og dagbøkene finst jo. Han var mannen i mitt liv. No bur eg aleine, og kunne ikkje tenkje meg noko anna. Parsell har eg også ute på jordet her. Fire solbærbuskar, to stikkelsbærbuskar og poteter. Eg lever livet på landet, slik eg har gjort før, og kunne ikkje tenkje meg å bu i ein by.

– Korleis tenkjer du tilbake på åra i Ulvik?

– Som ei fin tid i livet. Olav var ein veldig interessant mann. Han kjeda seg aldri, og då kjeda aldri eg meg saman med han, heller. Hadde han ei ledig stund, sette han seg rett og slett ned og las ei bok.

– Hadde han humor?

– Masse! Men han likte ikkje å bli fotografert, og såg alltid streng ut på bilete.

Den slanke 77-åringen sprett opp av stolen, forsvinn ut av rommet og kjem tilbake med eit fotografi.

– Her ser han blid ut!

Mannen på biletet har mørk

fakta

Olav H. Hauge

- Forfattar, lyrikar, omsetjar og gartnar
- Fødd 18. august 1908 i Ulvik, døydd 23. mai 1994
- Debuterte med diktet «Slåttesong» i Gula Tidend i 1927. I 1947 kom debutboka «Glør i oska»
- Kwart femte år fram til 1971 gav han ut nye bøker
- Frå 1967 kom sju samlingar med omsette dikt
- Skreiv dagbok frå han var 15. I 2000 kom verket «Dagbok 1924–1994» i fem band
- Hadde tidvis psykiske problem frå ungdomstida til opp i femtiårsalderen, var fleire gonger innlagt på Valen sjukehus
- Les meir om Olav H. Hauge-jubileet på ht08.no

fakta

Bodil Cappelen

- Biletkunstnar, illustratør og forfattar
- Født 26. april, 1930, busett i Son
- Utdanna ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole Oslo (1948-1951)
- Har hatt ei rekke utstillingar og utsmykkingsoppdrag. Innkjøpt av Norsk kulturråd og Bergen billedgalleri
- Har gitt ut fleire barnebøker, mellom anna fem samiske bøker og ein ABC saman med Hauge n Boka «Brev 1970–1974» inneheld korrespondansen mellom Cappelen og ektemannen Olav H. Hauge før dei møttest



FJELL I SYNINGOM: – Ulvik er heimbygda mi, seier Bodil Cappelen, som ikkje kan leve heilt utan fjell etter åra i Hardanger. Berget i bakhagen i

manke, kvit skjorte, hendene kjekt i bukselinninga. Olav H. Hauge smiler lurt til fotografen, venen Jens Morten Haukaas.

– Forelska du deg per brev?

– Nei, det gjorde eg vel ikkje! Vi var ikkje kjærastar, berre vener. Det siste eg tenkte på var å bu i ei bygd på Vestlandet med ein mann som 22 år eldre og ungkar, seier Cappelen.

– Seinare las eg i dagbøkene at han samtidig korresponderte i minst to år med ei anna kvinne på min alder. Ho var ugift, og sjølv sagt var det meir interessant å skrive til henne.

«Dei kvinnfolki!», skriv Hauge i dagboka langfredag 1970.

– Det var typisk han å ta avstand, og samtidig bli sjarmert. Denne dobbelheita prega han i mykje.

HJORTEFOT MØTER HARDING. Då han møtte henne, var det blitt juni 1974. Dei hadde prøvd å møttest nokre gonger, men kvar gong kom noko i vegen. I avisa ser Cappelen at Hauge skal lese dikt på ein forfattarkveld i Skien. På kort varsel bestemmer ho seg for å dra. Han anar ingenting.

I dagboka 12. juni skriv Hauge om det første møtet i tunet på Venstøp: «Ho gjekk lett, var høg og mjå, gjekk i ei sid trøye av hjorteskinn, slike som indianarane brukar. Hjortefot, tenkte eg, då me seinare stod under den store asken».

Hennar første minne om han er eit par vakre augo, ein stilig hatt. Ungkaren frå Ulvik var ein flott mann.

– Alle damer syntest det, ikkje berre eg. Stemma, måten han las

på ... Olav gjorde stort inntrykk på alle som møtte han.

– Var det kjærleik ved første blick?

– Ja.

Meir vil ho ikkje fortelje. Ikkje enno. Vent til august, til festskriftet, som Cappelen er redaktør for.

I boka, som kjem ut til hundreårsdagen, 18. august, fortel ho om det første, skjebnesvangre møtet i juni 1974.

TILBAKE TIL SKIEN. Saman med Samlaget forvaltar Bodil Cappelen opphavsrettane til dikta etter Olav H. Hauge. Mest etterspurde er «Eit ord», «Din veg» og ikkje minst «Det er den draumen».

– «Det er den draumen» flyt rundt og lever sitt eige liv, heilt utan kontroll. Diktet blir brukt

u i ei bygd på Vestlandet eldre og ungar»



Son er eit lite stykke vestland i det flate landskapet.

i bryllaup, gravferd, jubileer, og er blitt eit slags folkedikt.

Cappelen skal lese dikt sjølv i jubileumsåret, saman med komponisten Ragnar Sør Olsen. Ho kunne ikkje motstå invitasjonen frå Skien.

– Eg sa ja, fordi eg minnest første gong eg møtte Olav. Det skal bli morosamt å kome tilbake.

– Kva trur du Olav H. Hauge ville tenkt om det store hundreårsjubileet i år?

Ho ler litt.

– Som han pleidde. Han ville ha rista på hovudet, men likt det, også.

KORRESPONDANSE FRÅ «BREV 1970-75» (SAMLAGET 2000). GJENGITT MED LØYVE FRÅ BODIL CAPPELEN



TIL MINNE OM ULVIK: Postkassa i Son.



BLID KAR, FIN UTSIKT: Gode minne frå ei fin tid i livet.



TYSKE DIKT: Olav H. Hauge omsette fleire dikt av Friedrich Hölderlin. Etter at Bodil Cappelen nyleg lærte seg tysk, les ho dikta på originalspråket.



SJØLVPORTRETT: Dette teppet vov Bodil Cappelen i 1970, same år som ho sende det første brevet til Olav H. Hauge. Seinare har ho modernisert uttrykket med ei filledokke. – Det er eit sjølvportrett. Eit menneske går inn i labyrinten, livets gang, seier ho. Neste år skal dette teppet stillast ut på ei retrospektiv utstilling i Moss kunstforening.

Teppet

Vev meg eit teppe, Bodil,
vev det av syner og draumar,
vev det av vind –
Slik at eg, som beduinen, kan
breida det ut når eg bed,
sveipa det um meg
når eg søv.
Og kvar morgon ropa:
Bord duka er!
Vev det til
ei kappe
i kulden,
til eit segl
på min båt!
– Ein dag skal eg setja meg på teppet
og sigla burt på det
til ei onnor verd

OLAV H. HAUGE